



Notat

Til: Madeleine Fonnes Aase

Kopi til:

Saksbehandler: Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy/Andreas Granli

Vår referanse: 19/1327 - 3 / Gbnr-24/13

Dato: 29.08.2019

Emne: Landbrukssak Gbnr 24/13 Bø - reiskapslager - uttale landbruk

Det er søkt om eit reiskapslager i tilknytning til gardssagbruket på Gbnr 24/13 i Radøy kommune. Det er ein del utstyr, slik som traktor, tømmervogn og anna, knytt til gardssaga. Vidare er det og ein del tømmer og materialar på tomta. Søkjar ønskjer å byggja eit reiskapslager for å rydde rundt saga og få eksisterande reiskap under tak.

Landbrukskontoret skal uttale seg om tiltaket er i samsvar med planføremål LNFR.

Små gardssagbruk, der ein i hovudsak nyttar råvarer frå eigen eigedom, er i samsvar med LNFR-føremålet slik det er definert i rettleiaren «Garden som ressurs». Vår vurdering er at eit reiskapslager i tilknytning til gardssaga er i samsvar med planføremålet.